

Fakstad (gnr. 42)

Faxastadir: Gardnamn som høgst truleg kjem av mannsnamnet Faxi. I Fåberg er namnet i 1442 skrivi Faxastader, i 1528 (sikkert feilskrivi) Saxestad. Elles har skrivemåten skifte mellom Faxstad, Fakstad og Fagstad.

Garden Faxastader var i 1442 med i det store skifte av jordegods mellom biskop Olav av Bergen og hr. Benkt Harniktsson. Garden gjekk da til hr. Benkt og seinare over i fru Gyrvilds gods og krongodset. I skattemanntalet for den ekstra sølvskatten Gjengjerden av 1528 svara Halvor Saxestad (Faxestad) som si utlikning 1 lodd sølv, som t. d. Oluf Bjørstad og Halvor Lunde. I 1577 er namnet skrivi Faxstadt, og den utlikna skatten var da som for Ramnum. Sytten år seinare er det i 1594 tydeleg fortalt at "Fagstad" vaer rekna i gruppa for "Halfue Gaarde". Ved utreidsla av tiendekorn i 1604 var tienda 2½ td. som for Dal og den eine av Jørstadgardane. Etter atter 10 år var det i 1614 "Axel Faxstad" som var brukar på garden. Han svara da, som leiglending, av "2 huder fru Giørvils gods" 1 rd. i halding av bygsla. Axel Faxstad var elles sikkert ein vørd mann i bygda.

Han var med som lagrettesmann og dømde i drapssaka Anders svenske – Peder Gustum den 15/11 1615.

Den neste brukaren på garden, Elling Fakstad, var og med som lagrettesmann og dømde i ei drapsak, drapssaka mellom Oluf Hågå og Oluf Breiset den 4/11 1628. Tretti år seinare var det i 1657 Ivar som hadde tatt over og brukte Fakstad. Det er fortalt at buskapen hans den tid var 2 hopper, 9 naut, 4 geiter og 120 sauer. Av mannkjønnsanntalet av 1665 går det elles fram at det fulle namnet åt brukaren var Ivar Akselsson, og han var da 60 år. Han hadde ein bror, Jacob Akselsson, som er oppført som husmann på garden, og som da var 50 år.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med memnde opplysningar om gardane. Der er det om Fakstad fortalt at brukaren ganske riktig heitte "Iffuer", og at landskylda av garden var 2 huder eller 3 phd. Smør. Men eigar av Fakstad, som da var "Cannoni goedtz" var Lauridtz Christensen på Bragenes. – Om garden og gardsbruket er det elles vidare fortalt at enga, innmarka, var god, og at det var skog til gards bruk. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 18 storfe, og garden hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Nordsetra. Det går elles fram at korntienda vart utreidd med 2¼ td., som altså svara til si årsavling på 22½ td.

Ivar Fakstad var brukar på garden framleis i 1678. Det er da fortalt at den årlege utreidsla av Fakstad var 2 huder og 5 rd. i pengar, men i 1683 var utreidsla nedsett til 2 huder og 2½ rd. Seksten år seinare var det i 1699 Peder som vorte brukar på Fakstad. Det var da ei sak mellom han og Peder Lilleberg om ei hafelle mellom gardane. Saka er elles eter ei utskrift av tingboka referert slik:

"Fåberg, 29. aug. 1699.

Peder Fagstad er høiligen bleven årsaget at varsle Peder Erichsen Lilleberg fordi han nestleden vår har dristet sig til at forstenge citantens fe-regst m.m.

Avsagt: Peder Lilleberge bør nedtage den av ham mit for Fagstad og formerche opsatte nye haffelde og derimot opsette Peder Fagstad en haffelde på det sedvanlige gamle sted. Peder Lilleberge som ha forårsaget prossessen erstatter omkostninger med 8 rd."

Peder Fakstad hadde elles også andre rettssaker. I 1706 hadde han såleis innstemt Henning Lundes enke for 42 rd. som han gjorde krav på ha til gode.

Men i 1724 var Peder Iversen død, og det var da skifte på "Fagstad i Faaberg". Ved dette skifte er det opplyst at jordegodset Fakstad av skyld 2 huder var rekna med i skiftebuet, som da utgjorde brutto 372 rd. og netto 363 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sigrid

Olsdr. dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var sonen Hans da 28 år, dottera Sønnøv var 26 år og sonen Ole var 23 år.

I denne tida kom elles matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Fakstad fortalt at gardeen ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten er god. Det var skog til brenneved og gjerdefang og seter med ”maadelig” hamn, men ingen utslåtter.

Buskapen utgjorde da 2 hestar, 1 føl, 16 naut, 12 sauer og 6 geiter, og den årlege høyavlinga var kring 25 lass. Om korndyrkinga er det elles opplyst at utsæden var ca. 5 tdr- bygg og litt rug.

Tre år etter hadde i 1726 sonen ”Hans Pedersen fått søskenskjøte på garden for kjøpesum 144 rd. I samband med gardhandelen lånte den nye brukaren 200 rd. av Ole Olsen Lundgaard mot pant i grd. Fakstad av skyld 2 huder.

Et år etter opplevde Hans Pedersen den sorg å miste kona si, Gunild Mortensdr., som var død i 1729. Av skiftet i samband med dødsfallet merker ein seg her at buet utgjorde brutto 571 rd., men netto berre 81 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Hans Pedersen dei 2 borna deres: Kari, som da var 3½ år og Guro som var 1 år. – Hans Pedersen gifta seg elles i 1732 oppatt med Ane Olsdr. og dei fekk i 1733 dottera Gunild.

Hans Pedersen brukte mye pengar og hadde i 1730 lånt av Erik Nilsen Bjerger først 500 rd. og så i 1733 også 120 rd. Om dette vart det seinare sak mellom dei to, og i 1735 avsa retten slik dom i saka:

”Fliflet i Faaberg 11.septb. 1734.

Erik Bierke har innstevnt Hans Pedersen Fagstad som efter 2 utgivne obligationer skylder citanten 620 rd. + renter.

Hans Fagstad forelegges laugdag til neste ting.

Fliflet 10. septb. 1736,

Avsagt:

Hans Fagstad bør innfri sine 2 pantobligationer av tgl. 18. febr. 1730 og 14. febr. 1733 til sammen 620 rd. med renter og øvrige lånte penge ialt 696 rd. 3 ort 8 skl. Og såfremt dette ikke efterkommes innen 1 fjerdingår skal Erik Bierke efter Hans Fagstads foreskrivelse ha rett til å føre pantet, grd. Fagstad, til offentlig auktion. Prfossessens omk. Betaler Hans Fagstad til citanten med 3 rd.”

Dette førde videre til at Hans Pedersen Fagstad den 16. febr. 1736 gav skjøte til Erich Nielsen Bierke på garden Fakstad av skyld 2 huder for sum 700 rd. – Hans Pedersen hadde likevel framleis odelsretten til Fakstad. Men den 21. juni 1743 gav så Erich Nielsen ”som eier av grdn. Fagstad i Faaberg prestegjeld og Hans Pedersen odelsbåren til samme gaard” skjøte til Ole Olsen Svenes av Biri, også kalla Ole Olsen Fagstad, på grdn. Fagstad for sum 820 rd. Av dette mottok Erik Nielsen 720 rd. for garden, og Hans Pedersen tok resten, dei 100 rd., for odelsretten til garden. Med i skjøtet var elles at Hans Pedersen skulle ha til føderåd ”det oven gården beliggende og indhegnede engeland Lillesveen kaldet, som ved hans død skal tilfalde gaarden igjen.” Mot dette skjøte protesterte Hans Fagstads bror Ole Pedersen Lien fordi det var uriktig, og han lyste sin odelsrett til grd. Fakstad og forbaud Ole Svenes å gjera store påkostningar på garden.

Ole Olsen flytte til Fakstad og brukte garden i fleire år. I 1751 gav han såleis bygselsedel til Kristen Halvorsen på ”en hans gård Fagstad til og underliggende husmandsplass Halvorstuen inden gårdens hjemhage beliggende mot årlig husleie 2½ rd.” Samtidig gav og Ole Olsen Fagstad bygselsedel til Erik Akselsen på husmannsplassen Akselstuen som ”inden hans akerjorde er beliggende indhegnet” mot årleg husleige 2 rd. I ei anna sak frå denne tid er husmannsplassen Fakstadhagen og nemnt.

I denne tid var det dessutan stor strid om odelsretten til garden, og i 1753 gav så Ole Olsen Fagstad skjøte til Ole Pedersen Lien på Fagstad skjøte til Ole Pedersen Lien på Fakstad i den stand garden da var for sum 1196 rd. Skjøtet som her kan vera av interesse, har i utskrift denne ordlyden:

”Skjøte dat. 27. januar 1753 tgl. 16 febr. s. å.

Ole Olsen Fagstad av Lillehammer anneks til Faaberg prestegjeld vitterliggjøre at siden Ole Pedersen Lien som udisputerlig odelsmand til gården Fagstad har ved stevning gjort anfordring til dito gårds indløsning, og for å forekomme vidløftig prosess og bekostning derav, så har han inngått sådan foreining med Ole Pedersen, at han har erstattet ham hans utlagte kjøpesum 820rd. og erstattet ham de forbedringer han har gjort på gårdens jord, gjerder og hus med 376 rd. Således akkorderet ham gården Fagstad i sin nuværende stand for sum 1196 rd. Såskal gården Fagstad i sin fulde skyld 2 huder med alle sine jorder huse og herligheter samt forbedringer følge Ole Pederse Lien og hans arvinger til fuldkommen eiendom.”

Eit halvt år seinare var Ole Olsen Fagstad og kona hans Bodil Larsdr. Vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa var i live. Skiftet var på Fakstad i Fåberg den 7. juli 1753. Ved dette skiftet utgjorde buet brutto 1128 rd. og netto 1002 rd. Arvingane var dei 4 borna, og av dei var Ole Olsen d. y. da fullmyndig, dottera Maria var 23½ år, sonen Lars 14½ år og sonen Peder var 10 år. Om ei større odels- og innløyings sak til Fakstad handlar ei utskrift som etter tingboka har denne ordlyden:

Fakstad i Faaberg.

20. mai 1765.

Kari Hansdr. med formynder Erich Hoven og Goro Hansdr. med mann Christen Olsen Bergsens har innstevnt Ole Olsen d. y. og Ole Olsen d. e. og Ole Pedersen Lien i anledning av de to søstres odels og innløsningsrett til grd. Fakstad for 820 rd.

Forlik: Ole Olsen Fagstad d. y. betaler Kari Hansdr. med verge 250 rd. for hennes odelspretention til gården Fakstad og Ole Pedersen Lien betaler Goro Hansdr. med mann Erich Sørhoven og Christen Bergsens hjemler Ole Olsen Fagstad gården for hva den har kostet ham, nemlig 1317 rd. fil. Skjøtet av 7 febr. 1757, 200 rd. for hans forbedringer på gården og 367 rd. i ovenstående føderåd som pretendenternes far Hans Pedersen og Hustru nyder av denne gård.

Ovenstående forlik stadfestes ved dom.”

Ole Olsen Fagstad d. e. hadde garden til i 1782. Da gav han skjøte til son sin Ole Olsen d.y. på grd. Fakstad av skyld 2 huder for 1300 rd. og for krøter og lausøyre 399 rd. tilsm. 1699 rd. Dertil kom føderåd til foreldra Ole Olsen og Synev Iversdr. på og av garden Fakstad i Fåberg.

Det viste seg diverre snart at Ole Olsen d.y. ikkje kunne råde seg og halde måte når det galdt brennevin, og vi tek her med også utskrift av denne saka:

”20. juni 1792.

Fogden har efter amtets ordre innstevnt Ole Olsen Fagstad til en tugthusrett på grund av hans umådelige drukkenskap og derav flytende ryggesløse levnet.

Dom: Ved vidnernes enstemmige forklaring er innstevntes slette og ryggesløses forhold godtgjort i henseende til drukkenskap med eder og bander, hvori prestens advarsler intet har virker. Dette må, må uten hensyn til hans mishandling av sin svake og skrøpelige hustru, være

nok tilå anse ham skyldig efter tugthusforordningen 3.10. Ti kjennes for rett: Innstevnte Ole Olsen Fagstad bør for hans forargelige forhold med drukkenskap, eder og banning innsetes i Christiania tugthus til forbedring så lenge det måtte forgodt befindes.”

Frå tre år seinare er eit byggselbrev av 1795 som m. a. handlar om plassen Knipen. Om dette let vi og ei utskrift av tingboka fortelja:

”Fakstad.

Bygselbrev dat. 1795, april 14. Tgl. 1798, febr. 15. fra Ole Olsen Fagstad til Kari Christensdtr., som på grund av hans kones svakhet har været husholder hos ham i noen år og altid bevist sig lydig, villig og trofast, - på plassen Knipen under denne gård så lenge hun lever mot 1 rd. i årlig husleie samt en del fastsatte arbeidsdager m.m. Hertil er tilføiet: 1797 i mai måned blev Ole Bergum fra Øyer og Ole Olsen Fagstad således forenet, at om hans hustru Kari Christensdtr. skulle dø før ham, Så skal han, når han opfylder kontrakten, bruke og besidde denne plads sin levetid på de betingelser som kontrakten inneholder.”

Tre år seinare overtok så verson til Ole Olsen, Ole Amundsen Vedum frå Øyer og hustru ”den odelsbårne” Mari Olsdtr., garden Fakstad på dei same vilkår som Ole Olsen d. y. kjøpte Fakstad for i 1782. kjøpesum 1699 rd. + føderåd.

Etter dette var det ved folketellinga i 1801 altså Ole Amundsen og Mari Olsdtr. som da var husbondsfolk på Fakstad. Det budde da 6 familiar på og ved den gamle garden. Det var:

- 1.familie: 1. Ole Amundsen, husbonden, 35 år, 2. Mari Olsdtr. kona hans, 20 år, 3. Ole Olsen, son deres, 2 år, 4. Ole Halvorsen, tenestkar, 21 år, 5. Ragnhild Larsdtr., tenestkvinne, 40 år, 6. Kari Johannesdtr., tenestkvinne, 17 år, 7. Ingebor Olsdtr. , tenestkvinne, 12 år, 8. Knut Gudmundson, legdbarn, 10 år, 9. Marta Knutsdtr. mor til husfrua, føderådskone, 46 år.
2. familie: 1. Johannes Svendsen husmann med jord, soldat, 33 år, 2. Kirsti Olsdtr., kona hans, 32 år, 3. Svend Johansen, son deres, 8 år, 4. Ole Johansen, son deres, 2 år.
3. familie: 1. Christen Johansen, husmann med jord, 38 år, 2. Johanna Engebretsdtr., kona hans, 32 år, 3. Eli Christensdtr., dotter deres, 7 år, 4. Johannes Christensen, son deres, 3 år.
4. familie: 1. Ole Bergersen, husmann med jord, soldat, 33 år, 2. Kari Christensdtr., kona hans, 26 år, 3. Berte Olsdtr., dotter deres, 3 år,
- 5.familie: 1. Christen Pedersen, innerst utan jord, dagarb. 61år, 2. Sidsill Evenstr., kona hans, 57 år. 3. Christen Christensen, son deres, 14 år, 4. Ole Christensen, son deres, 11 år.
6. familie 1. Christen Amundsen, legdslem, 85 år, 2. Ingri Olsdtr., kona hans , 52 år.

Ole Amundsen brukte Fakstad til i 1819. Da selde han garden til Engebret Gulbrandsen Mælum for kjøpesum 1800 spd. + føderåd til seljaren med hustru.

Same året kom det nye matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det on Fakstad oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 5 hestar og 20 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 85 tdr. Det er elles opplyst at Fakstad hadde 4 husmannsplassar. Frå året atter er ei tinglyst sak der Ole Olsen Fagstad fråskriv seg odelsretten til garden til Engebret Mælum for kjøpesum 20 spd. Av 1821 er elles eit skjøte der Erik Skårset gjev Engebret Fagstad bruksrett over eit vassfall i Skurva elv.

Ole Amundsen Fagstad, som vi kjenner frå før, vart ingen gamal mann. Han døde i 1822, og den 22. januar va det skifte på ”Fakstad i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 84 spd. og netto 64 spd. Arvngane ved skiftet var forutan enka Mari Olsdtr. dei 7 borna i ekteskapet. Av dei var sonen Ole da 23 år. Dottera Berthe var 21 år og gift med Engebret Fagstad og såleis husfrua på garden. Dottera Marthe var 17 år, sonen Amund var 12 år, dottera Marie var 9 år, sonen imen 6 år og dottera Christenca var 2½ år.

Ved matrikuleringa i 1839 var det framleis Engebret Gulbrandsen som var eigar og brukar av "Fakstad", som namnet da er skrivi. Etter omrekninga og justeringa av matrikkelskylda var den for Fakstad sett til 11 skylddalar 1 ort og 22 skilling.

To år seinare gav i 1841 Engebret Gulbrandsen skjøte til lensmann Gudbrand Fliflet på ein del av Fakstad, Fakstad nordre av skyld 4 dlr. 4 ort 6 skl. Resten av Fakstad, som Engebret Gulbrandsen framleis hadde, vart frå da av ofte kalla Fakstad søndre eller søre.

Etter atter elleve år var i 1852 Engebret Gulbrandsen død og enka Berthe Olsdtr. gav da skjøte til sonen Engebret Gulbrandsen (skal vel være Gulbrand Engebretsen?) på Fakstad søre av revidert skyld 7 dlr. 4 ort 10 skl. For kjøpesum 1600 spd. + føderåd. – Frå to år seinare er ei husmannskontrakt frå Gulbrand Engebretsen til Amund Olsen og kona hans om bruken av plassen søndre Halvorslien" for heile deres levetid.

Ved folke- og jordbrukstellinga i 1865 vart det samla inn og publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Fakstad fortalt at det samla jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkjer på søre Fakstad i den tid var 246 mål, og av dette var 105 mål jord av 1. klasse. På Fakstad nordre hos lensmann Fliflet var dei tilsvarande tal 178 mål og 62 mål. Samtidig er det opplyst at buskapen på sjølv garden Fakstad søre i denne tid var 4 hestar, 17 storfe og 31 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm. 3 storfe og 9 småfe. Ført på same måten var utseden på sjølve Fakstad 7½ td. korn og 10 tdr. settepoteter, men dertil var det på husmannsplassane til garden sådd og sett 2 tdr. korn og 2½ td. poteter.

To år seinare var det i 1866-1867 ei utskiftningsforretning av sameigeskog ved Nordsetra og Kvandalen. Utskiftningsforetninga er tinglese den 21. mars 1867.

Etter atter 9 år gav i 1867 lensmann Gudbrand Fliflet skjøte til son sin Thorvald Fliflet på Fagstad nordre av skyld 7-4-10 dlr. og garden nordre Lunde av skyld 1-4-20 dlr. for kjøpesum 2300 spd.. + fødeeråd taksert for 5 år til 700 spd. I føderådskontrakten er opplyst at lensm. G. Fliflet var gift med Kristine f. Fougner. I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Fakstad i Fåberg fekk da gardsnr. 42 av samla skyld 20,07 mark, og det var i 1886 to bruksnr- under gardsnr. 42 Fakstad. Det var: Gr.nr. 42, br. nr. 1 Fakstad søndre av skyld 13,02 mark, som framleis Gudbrand Engebretsen var eigar av, og br. nr. 2 Fakstad nordre av skyld 7,05 mark som Thorvald Fliflet eide. – Ein merker seg elles at skrivemåten av gardsnamnet i matrikkelen av 1886 er Fakstad.

Gudbrand E. Fagstad hadde Fakstad søre til i 1887. Da selde han garden til Amund E. Fagstad for kjøpesum kr. 12.000,- + føderåd av 5-årleg verdi r. 1 500,- . Men seks år seinare var i 1893 A. E. Fagstad død og arvingane hans gav skjøte til Anton Johnsgaard for sum 12.000,-. Han var gift med odelsjenta til Fakstad , Berthe Fossegården, datter av syster til A. E. Fakstad. Samtidig fekk og Ole E. Fagstad rett til å bu på og ha kost på garden m. v. mot eit avtala vederlag. Dette vart innført i skjøtet til Anton Jonsgaard.

På Fakstad nordre vart i 1895 gr.nr. 42, br.nr. 3 Halvorstuen skyldsett ifrå og seld av Th. Fliflet til Petter Olsen for kjøpesum kr. 400,-. Likeså vart i 1897 parsellen br.nr. 4 Fagerstad fråskilt og seld av lensmann Th. Fliflet til Sigmund Fliflet saman med gr.nr. 39, br.nr. 5 for tilsm. Kr. 1.000,-. Tre år seinare selde elles Sigmund Fliflet bruket Fagerstad saman med gr.nr. 37, br.nr. 8 til Gudbrand Fliflet for kr. 4.100,-. Seljaren tok mdessutan unna rett til å forpakte "Knipløkken med paastaaende uthusbygning og have mot årlig avgift 50 kr." – I denne tid vart og gr.nr. 42, br.nr. 5 Ødegaarden skyldsett ifrå og i 1910 selt av Gudbrand Fliflet til Jonatan Hansen for kjøpesum kr. 2.000,-.

Etter ajourført matrikkel i 1904 var det altså da tre bruksnr. under gr.nr. 42: a: br.nr. 1 Fakstad søre, skyld 13,02 mark, eigar ell. brukar: Anton Johnsgaard, b: br.nr. 2 Fakstad nordre, skyld 6,98 mark, eigar ell. brukar lensm. Th. Fliflet, c: br.nr.3 Halvorstuen, skyld 0.07 mark, eigar ell. brukar Petter Olsen.

I nyare tid vart så etter kvart fråparsellert og unnaselt flere bruksnummer.

at br.nr. 4 Fagerstad av skyld 0,87 mark vart selt i 1907 er alt nemnt. Like så at br.nr. 5 Ødegården, skyld 0,24 mark, vart unnaselt i 1910. Visstnok same året kjøpte desutan Petter Halvorstuen br.nr. 6 Hegtun av skyld 0,05 mark. I 1929 kjøpte Gudbr. Fliflet br.nr. Fakstad nordre av skyld 5,84 mark og same året kjøpte Kristian Bakken br.nr. 7 Myrlykkja, skyld 0,03 mark. I 1930 vart vidare br.nr. 8 Fagnjordet av skyld 0,30 mark selt til Wilhelm Mustad, og br.nr. 9 Bergheim vart selt til frk. Inga Sørli. Same året kjøpte og Gudbr. Fliflet br.nr. 4 Knipen av skyld 0,57 mark. Br nr.10 Næverfjell hotell vart i 1933 selt til Martin Nielsen. Og tilslutt nemner vi her at fru Berthe Bjørstad i 1936 kjøpte gr.nr. 42, br.nr. 1 Fakstad søre, da av skyld 12,90 mark og br.nr. 11 Solly av skyld 0,01 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det altså blitt 11 bruksnr. under gardsnr. 42 Fakstad. Det meste av den brukande jorda låg likevel framleis til 4 bruk som kvar for seg hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei 4 bruk var: a. Gr.nr. 42, br.nr. 1 Fagstad med jordbruksareal ca. 180 mål der banksjef Kr. Bjørstad da var eigar, b. br.nr. 3 Halvorstuen, areal ca. 20 mål, eigar og brukar Ole P. Halvorstuen, c. br.nr. 4 Knipen areal ca. 12 mål, eigar Gudbrand Fliflet, d. br.nr. 5 Ødegården, areal 30 mål, eigar og brukar Jonathan Hansen.

Anton Johnsgård som i 1893 kjøpte Fagstad var ein dyktig og driftig gardbruker. Diverre mista han same året kona si som døyde i barselbeber etter å ha fødd ei dotter, som fekk namnet Berthe Emilie.

Anton Johnsgaard braut opp mye jord og foretok store kostnader på husa. Hen dreiv i flere år stor sæterdrift på Kaldor sætra med ysting av blandingsost. Han døyde allerede i 1916 bere 56 år gammal.

Hans dotter Berthe Emilie overtok garden og ble i 1917 gift med bankbokholder, senere bankchef Kristian Bjørstad fra Faaberg. Dei hadde 3 born: Dottersa Berthe Emilie f. 1918, gift med kjøpmann Leif Sagstuen, sonen Arne f. 1920 gift med Kari Finborud fra Oslo og dottera Mari f. 1933 gift med gårdbrukar Kristian Borud på Ilseng i Vang.

Kristian Bjørstad og kona dreiv garden til i 1947 da dei selde den til sonen Arne Bjørstad for en kjøpesum av kr. 35.000,- + føderåd. Arne Bjørstad og kone har 3 born: Hanne Magnhild f. 1948, Kristian f. 1950 og Jon Erik f. 1953.

Arne Bjørstad ble i 1959 ansatt som forretningsfører i Faaberg Brandkasse , og har garden seinare vært bortforpaktet.

Det er nu bortsett fleire tomter av garden, serlig i Nordseter området. Det betales årlig avgift av tomteeierne. Det dyrkede areal er dog uforandret.